

ASAT (aspartat aminotransferase) i serum

Bakgrunn

ASAT er eit enzym som katalyserer overføring av ei aminogruppe frå aspartat til alfa-ketoglutarat. ASAT- aktivitet kan påvisast i mange ulike vev, men er særleg høg i hjarte, lever og skjelettmuskulatur.

Indikasjonar

s-ASAT har i 50 år vore nytta som analyse for påvising av celledskade i lever og hjarte. Organspesifisiteten er dårleg og s-ASAT er difor ikkje lenger brukt som markør for myokardskade ved hjartesjukdom, men er erstatta av troponin.

Ved utgreiing av leversjukdom er s-ALAT den viktigaste analysen for påvising av parenkymsskade. Indikasjon for analyse av s-ASAT er avgrensa til spørsmål om alkoholisk leverskade og ved alvorleg leversvikt.

Prøvemateriale



0,5 mL serum teke på rør tilsett gel eller på rør utan tilsetjing.
Haldbarheit serum: 4 døgn.

Referanseområde

M: ≤ 45 U/L
K: ≤ 35 U/L

Tolking

Kun høge verdiar har klinisk betyding.

Svært høge verdiar ein sjå ved akutt hepatitt og levercellenekrose, store knusingsskadar og alvorleg vevshypoksi.

Moderat høge verdiar kan ein sjå ved hjarteinfarkt, skjelettmuskelsjukdomar, etter kirurgiske inngrep og andre traumer, kolestase, ein rekke andre leversjukdommar, pankreatitt og hemolyse. Stor muskelmasse gir auka verdiar.

Feilkjelder: Langvarig stase under prøvetaking kan auke aktiviteten med inntil 10 U/L. Hemolyse i prøven gir auka aktivitet.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 11,9%